



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samsfunnsutvikling - sektorstab

SANDS ADVOKATFIRMA DA
Postboks 1829 Vika

0123 OSLO

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Hilde Kjelstrup	452 10 707	2019/1179-220		30.03.2021

Svar om saksbehandling reguleringsplan Børnes næringsområde

Vi viser til dykkar brev av 15. mars 2021 som var retta til Kvinnherad kommune og formannskap/kommunestyre. Brevet var ei oppmoding til formannskapet/kommunestyret om korleis plansak om Børnes næringsområde skal behandlast vidare.

Sidan både formannskap og kommunestyre i ettertid har tatt stilling til korleis plansaka skal behandlast og sjølve avgjersla om godkjenning av plan er utsett, reknar vi det som at store delar av spørsmåla dykkar er svara ut som del av drøftinga, og vi svarar difor ikkje i detalj på brevet her.

Vi vil likevel takke for innspela som er kome i brevet og dei drøftingstema som er tatt opp der. Vi har forstått at det er stort engasjement frå dykkar klient, Eidsvik Eigedom AS, i forslag til detaljreguleringsplan for Børnes næringsområde. Det er og interessante vurderingar de kjem med i brevet, og dette er noko vi vil ta med oss vidare i vurderingsgrunnlaget no når planforslaget skal arbeidast vidare med.

Etter at påstand om at det er gjort vesentlege endringar i planforslaget som fordrar ny høyring var kommentert av oss munnleg i møtet i formannskapet 22. mars kom det ny e-post frå dykk 23. mars der de hevdar påstanden på nytt, i tillegg til forslag om å sende planen tilbake til administrasjonen. Sånn vi forstår det vil denne påstanden bli hevda i ei klage viss reguleringsplanen blir godkjent utan å ta omsyn til ny høyring. Viss dette framleis er aktuelt og planen blir påklaga vil vi ta stilling til dette i eventuell klagebehandling.

Dersom vi ser at det er spørsmål eller tema i dykkar brev som ikkje blir svara ut som del av vidare behandling av planen, kan det vere vi tek kontakt med deg eller din klient om dette.

Med helsing

Hilde Kjelstrup
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:
EIDSVIK EIGEDOM AS